

MÅNADSPLAN FEBRUAR- KAMMERSET

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	V
		01.02.12 Leikemix	02.02.12	03.02.12 Smøre sjølv 	5
06.02.12 	07.02.12	08.02.12	09.02.12	10.02.12 Smøre sjølv 	6
13.02.12 09- leiemix	14.02.12	15.02.12	16.02.12	17.02.12 Fastelavn boller 	7
20.02.12	21.02.12 Karneval!! 	22.02.12	23.02.12	24.02.12 Smøre sjølv 	8
27.02.12	28.02.12 Leikemix	29.02.12	MÅNADENS SPRÅKRÅD <i>"Bruk rim og regler saman med barnet. Les gjerne høgt frå bok med bilde til reglene. Seinare kan de prøve uten boka for å få barnet til å leggje meir merke til språket."</i>		9

SEA SIST

I januar har me feira Emilie 1 år og Sofie 2 år! ☺

Me har ete ut jula, noko som er tradisjon her i bhg. Me åt resten av grauten frå grautfesten, peparkakene og sløkkte juletreet ute.

Me har laga harepusar- me brukte mjuk vatt som pels, den limte dei på ei papp plate, dei limte rosa papp bitar på øyrene. Me brukte ord som mjuk/hard, kvit, rosa, lange ører.

Me har syngi sangane: "Lille hasse hare", "Haren uti gresset" og "Helene harefrøken". Me har sett i bøker med bilde av hare, hengt bilder av hare på vegg og hoppa som harer.

Til solfesten laga me sol, snakka om og brukte fargane gul, raud og orange.

Me har syngi solsangane: "Sol ute, sol inne", "sola er god", "soltrall", Det blei og laga «uvande kvikaku» som borna fekk velje om dei ville ha kvitost eller brunost på.

Mini Lamer denne månaden handla om å vere glad. Me har dansa "glade" sanger, syngi "er du veldig glad å vet det...". Me har sett på bilder av mennesker som smiler, dyr som ser ut som dei smiler, smileffjes. Me har og sett på korleis det ser ut når me smiler. ☺

Me har baka flatbrød. Då blei nokon av oss kjent med orda "Flatbrødrull", "bakefløy", "takke", "steikespade", "Flatbrød" og "kjevle". Nokon likte flatbrødet veldig godt og nokon klarte seg med berre ein bitte liten smakebit.

INFO FEBRUAR 2012

6 februar: skal me markere samefolketsdag.

- Barna skal bli kjent med at samane er urfolket i Noreg.

- Barna skal få kjennskap til samiskeforteljinger/segner og ulike sider ved den samiske kulturen.

Me skal markere dagen ved å ete finnbiff, henge opp bilder av

17 februar:

Fastelavn, då bakar med fastelavn bollar.

21. februar:

Karneval- tema eventyr. Meir info kjem seinare.

Fint om alle barna kan være i bhg innen kl 09.30!

Leikemix:

skal me ha 1 og 28 februar. Om me er ute eller inne er avhengig av vær og temperatur.

13 februar: Skal dei som er født i 09 på leikemix på låven

Mini Lamer: Denne månaden handlar det om å "væra lei seg"

- barna skal lære å kjenne att og sette ord på eigne og andre sine kjensler

Rev: I februar vil me bruke tid på reven

Me vil og ha sanger og ord knytt til vinteren

